
namn og nemne

Tidsskrift for
norsk
namnegransking

Fornamn som er like etternamn

Av Ivar Utne

Until 1923 surnames were allowed as first names in Norway. According to the Person Name Act of 1923 it was still possible to use mother's surname or other surnames not in use in Norway as second first names, now called middle names. These rules have later been altered, e.g. to adapt to foreign name traditions. This article presents surnames and homonyms of surnames used as first names, from the point of view of use and regulation during two centuries.

1. INNLEIING

Med personnamnlova i 1923 blei bruken av etternamn som fornamn redusert, og forsvann nesten heilt etter 20–30 år. Reduksjonen gjaldt særleg etternamn som første fornamn. I nokon monn kunne etternamn nyttast som ekstra fornamn. Slike ekstra fornamn har mykje felles med mellomnamn i dag. Pkt. 2 nedanfor handlar om bruken av etternamn som første fornamn, mens pkt. 3 gjeld etternamn som ekstra fornamn.

Bruken av fornamn som er like etternamn, er på ny aktuell. *Scott* er blant fornamn laga av engelskspråkelege etternamn og som særleg når oss gjennom massemedium. Det blir omtalt under pkt. 2. *Mohammad* er eitt av mange muslimske fornamn som det òg er vanleg å bruke som etternamn. Slik kombinert bruk vert omtalt under pkt. 4.2.

Dessutan finst det andre fornamn som er like etternamn, men med ulikt opphav. *Nor* er norsk etternamn, men *Nor* er òg arabisk både jente- og guttenamn, ofte skrive *Noor*. Omfanget av slike namn aukar naturleg nok med kontakt med andre språk og kulturar. Desse kan vi kalle 'tilfeldig like for- og etternamn'. Dei vert omtalte under pkt. 5.

Termen 'etternamn' vil her bli brukt om både slektsnamn og etternamn. Slektsnamn vert elles helst brukt om felles namn for fleire i familien, og dei går gjerne i arv. Etternamn har vore brukt om namn som er mindre fast etablerte for berarane enn slektsnamna brukar å vere. Før lova om faste «slektsnavn» i 1923 kunne etternamn særleg vere namnet på staden der ein for tida budde, eller farens fornamn med ending (patronym). Det var bl.a. eit slikt skilje mellom lite

fast namnebruk som motiverte innføringa av nemninga «slektsnavn» i 1923-lova. Termen 'etternamn' kan passe både for norsk namnebruk før 1923-lova og for mange av innvandrarkulturane framleis. (Jf. òg Utne 2000a:24–25.) Dessutan høver etternamn godt som fellesterm med bruken i slik tyding på norsk både no og tidlegare.

2. ETTERNAMN SOM FØRSTE FORNAMN

Bruken av etternamn som fornamn kjenner vi dels frå 1800- og tidleg på 1900-talet her i landet og dels gjennom nyimportert fornamnskikk frå USA.

2.1. Tidleg bruk utanlands

Det ser ut til at skikken har opphav i England. Eksempel på etternamn som fornamn blant overklassa i England finst på 1500-talet. Det var gjerne oppkalling etter fadderar eller moras etternamn. Døma er sporadiske fram til 1800-talet, då det blei vanlegare at kvinner frå rike familjar på Dei britiske øyane gav etternamnet sitt som første fornamn til den første sonen. Namna kom dessutan noko i bruk som fornamn utan omsyn til etternamnbruk i eigen familie, hovudsakleg som gutenamn. I USA blei dette endå meir populært, og der kom slike namn i bruk for begge kjønn. (Wilson 1998:232–33, Hanks og Hodges 1996:XXI–XXII, XXIV–XXV.)

Skikken har òg funnest i Italia og Frankrike, men i lite omfang (Wilson 1998:233).

2.2. Bruk i Noreg fram til 1923-lova

I Noreg kom fram midt på 1800-talet ein del bruk av etternamn som første fornamn, særleg i Nordland og Troms. Blant dei eldste er *Sidenius*, døypt i Hadsel rundt 1754–75 (Bræck 1981:92) og *Møller*, leiglending i Nordland og fødd i 1790 (Samuelsen 1999:44). Av menn fødde mellom 1781 og 1900 fekk ca. 6,3 % slike namn i Nord-Noreg og ca. 0,5 % i Sør-Noreg (Samuelsen 1999:47). Bruken auka fram mot år 1900. Nokre namn, f.eks. *Monrad* og *Wessel*, auka vidare fram mot 1923-lova, mens andre flata ut, som *Sverdrup* og *Møller* (Klokkerud 1987:173, Samuelsen 1999:145). Dessutan er *Anker*, *Lorang* og *Selmer* brukte for nokre hundre menn i tida 1900–1924, men desse kan like godt ha fornamn- som etternamnopphav (Klokkerud s.st.). I Hadsel i Nordland var skikken mest utbreidd i åra 1880–85 med 5,9 % samla, og nedgangen tok til i perioden 1900–05 (Bræck 1981:92).

Sjølv om ein sjeldan har kunna påvise dei konkrete inspirasjonskjeldene, kan det sjå ut til at prestar, jordeigarar, handelsmenn og statsministrar kan ha vore inspirasjonskjelder, f.eks. *Monrad*, *Anker* og *Sverdrup*. Dette vert gjerne kalla 'idoloppkalling'. Det kan òg sjå ut til at handelslekter som *Heitman*, *Bernhof*

og *Heggelund*, ei gjestgjevarslekt som *Pareli/Parelius*, og godseigarar som *Angel* har inspirert langs kysten i det nordlege Nordland og sørlege Troms. Men namnegjevarane ser ikkje ut til å ha tilhøyrte nærmiljøet (Samuelsen 1999:102–09). I Hadsel er det påvist fleire oppkallingar etter prestar, som *Sidenius*, men òg andre med høg sosial status, som *Lokkerth* (Bræck 1981:982–93).

Det manlege første fornamnet *Johansen* fanst det 59 av i folkeregisteret pr. oktober 1982, men ser ut til å vere or bruk no. Truleg er etternamnet grunnlaget. Nokre registreringar kan vere galne, men neppe alle. Vi finn òg slike eksempel i folketeljingane for Frøya og Hitra i 1865 og 1900, til og med to med *Johansensen* som etternamn på Frøya i 1900 (Folketeljing 1865, Folketeljing 1900).

Bruken av etternamn som første fornamn stogga gradvis med personnamnlova frå 1923, sjølv om mange namn var litt brukte heilt til etter 1950, som *Møller* og *Monrad* (Klokkerud 1987:173, 176).

Som vi ser under pkt. 3, er etternamn etter visse reglar vidareførte etter 1923 som ekstra fornamn.

2.3. Etternamn som fornamn i USA

Skikken med etternamn som fornamn er utbreidd i USA. Dei kjem til Noreg, men dei er ikkje mykje brukte. Namna kjem helst gjennom filmar og andre massemedium (munnlege opplysningar frå foreldre). Skikken er kjent i USA frå tidleg på 1900-talet (Hanks og Hodges 1996:XXIV–XXV), og, som nemnt, på Dei britiske øyane tidlegare.

Fleire engelskspråklege etternamn har vore fornamn i Noreg heile 1900-talet, f.eks. *Stanley*, *Scott* og *Stuart* (Klokkerud 1987:173), utan at ein kan skilje klart mellom vaksne innvandrarar og norskfødde i statistikkane. Vi kan heller ikkje skilje britisk eller amerikansk opphav.

Av dei 100 vanlegaste fornamna på nyfødde jenter i USA 1999 er desse 22, som helst har førebilete frå etternamn eller kan hende rett frå stadnamn: *Allison*, *Ashley*, *Bailey*, *Brooke*, *Cassidy*, *Courtney*, *Hailey*, *Haley*, *Jordan*, *Kaylee*, *Kelsey*, *Kimberly*, *Leslie*, *Lindsey*, *Mackenzie*, *Madison*, *Paige*, *Shelby*, *Sierra* (stadnamn), *Sydney*, *Taylor* og *Tiffany*. Ei tilsvarande liste for gutar har desse 20 namna: *Austin*, *Blake*, *Brandon*, *Cameron*, *Chase*, *Cody*, *Cole*, *Dakota*, *Dalton*, *Garrett*, *Hunter*, *Jackson*, *Jordan*, *Kyle*, *Logan*, *Mason*, *Spencer*, *Tanner*, *Trevor* og *Tyler*. *Jordan* og *Austin* kan i tillegg vere gjenopptaking av gamle fornamn frå Europa. Gutenamnet *Bryce*, som ikkje er med ovanfor, kan ha opphav både frå for- og etternamn. (Social Security Administration. U.å.; Hanks og Hodges 1999, Hanks og Hodges 1996, Dunkling og Gosling 1985)

Dette viser at rundt ein femdel av dei 100 mest vanlege namna for kvart av

kjønna er opphavlege etternamn. Blant dei ti vanlegaste for kvart kjønn fanst *Tyler* som nr. 10 for gutar og *Ashley, Madison* og *Taylor* som nr. 6, 7 og 8 blant jentene.

2.4. Lover og retningslinjer

Med 1923-lova ville Justisdepartementet (JD) og Stortinget hindre at etternamn kom i bruk som fornamn. Ofte gjeld det etternamn til kjende personar i høgare sosiale lag. I odelstingsproposisjonen blei det lagt vekt på å hindre bruk av etternamn som fornamn, fordi det kan gje inntrykk av familietilknytning, og det kan føre til at folk tek desse namna til etternamn for seg sjølve (Ot. prp. nr. 12 [1922]:15).

I lagtingsdebatten om ny personnamnlov 30.1.1923 sa representanten Arne Magnussen frå Norges Socialdemokratiske Arbeiderparti bl.a. dette som kan vere uttrykk for korleis ein del tenkte:

Loven vil hindre det misbruk som i høi grad har fundet sted, nemlig at man har brukt kjendte folks etternavn som fornavn. [...] Der blev opplyst at vedkommende resonnererte som saa, at kan vi ikke efterlate vore barn noget andet, kan vi ikke efterlate dem nogen formue, saa kan vi da efterlate dem et godt navn, og saa kaldte man dem Sverdrup, Berner, Steen og lignende som fornavn. Det mente man skulde være en støtte for barnet i livskampen. (Lagtingsforhandlinger 1923:39.)

I praktiseringa av lova blei det lagt stor vekt på kva som er den første bruken her i landet. Men det vart òg høve til å bruke utanlandske fornamn som er like norske slektsnamn. (JD 1923:«II. Fornavn».)

I 1964-lova var forbodet mot etternamn som fornamn det same.

Men i 1979 blei lova endra (§ 15, pkt. 2) slik at departementet «i særlege høve [kan] gjera unntak frå dette forbodet».

Dette har gjeve departementet høve til å liberalisere praksisen m.o.t. norske eller utanlandske etternamnlige fornamn frå 1980-åra. For utanlandske namn gjeld det særleg foreldre som vil føre vidare tradisjon frå heimlandet (Austbø 1986:106).

Dessutan førte ei rettsavgjerd til fordel for fornamnet *Linn* i 1982 til at ein hadde eit klarare rettsgrunnlag. Det innebar at ein kan godkjenne fornamn som er like etternamn i form, utan omsyn til kva namn som er eldst. Det blei lagt vekt på ulikt opphav, også i Noreg. (Eidsivating lagmannsrett 1982:7, Austbø 1986:104–05.)

I 1997 gjennomførte JD ei oppmjuking i brevs form, slik at ein kan godkjenne namn som er «vanlig kjent som fornavn her i landet, eller i utlandet» (JD 23.10.1997, 97/10363 A-AP MRH/kp).

Etternamnlike fornamn har såleis ved fleire høve fått status som lovlege. Truleg har forståinga av dette blitt meir liberal for kvar gong.

Med grunnlag i retningslinene som gjeld no godkjenner myndighetene fornamn som er like etternamn dersom dei har opphav eller tradisjon som fornamn, i Noreg eller i andre land. Ein legg vekt på brukstradisjon, og det trengst ikkje dokumentasjon for ulike opphav. (JD 1991:41–43, JD 1999, pkt. 3.)

2.5. Godkjenningspraksis

I det nemnde JD-rundskrivet frå 1923 står det at namn som «efter sin opprindelse her i landet er slektsnavn [...] vil kunne antas som fornavn, såfremt det oprinnelig har vært anvendt som sådant i utlandet». Trass i dette har det fram til 1990-åra vore problematisk med nye innlån som liknar eksisterande etternamn. Det var særleg den nemnde *Linn*-dommen frå 1982 som førte til endringa, men òg lovendringa i 1979 om «unntak».

Frå 1923 og fram til 1980-åra la ein mest vekt på kva som kan dokumenterast som eldst i Noreg. Grunnen kan ha vore at lovkommentarane og lovforarbeida var lite konkrete, og dessutan at instruksen frå 1923 framstiller dette som eit krav som er eit av dei mest praktiske å handtere.

Frank og *Roy* er døme på namn som blei nekta fleire gonger i 1920- og 1930-åra, då dei ikkje var rekna som opphavlege fornamn. Dei blei godtekne rundt 1937–38 (Kløykerud 1985: «Vedlegg I»).

I 1997 vart *Troy* og *Scott* godkjende for gutar i samband med oppmjukinga nemnd under pkt. 2.4. Eit liknande tilfelle er jentenamnet *Sidney*, godkjent av fylkesmannen i Oslo og Akershus i 1999. Dette inneber bl.a. at utbreidd bruk i USA og spreing hit med massemedium, kan vere grunn for godkjenning.

Det finst òg saker der det er lagt vekt på brukstradisjon berre i Noreg, utan at ein har kunna slå fast ulikt opphav. Gutenamnet *Lindemann* er eit slikt (JD 23.2.1999, sak 98/03924).

Men er det manglande brukstradisjon og uråd å dokumentere ulikt opphav, vert namna normalt avviste.

Aune blei avvist som fornamn for gut, då det er eit etternamn, og fordi ein ikkje kan dokumentere sjølvstendig opphav som fornamn (fylkesmannen i Hedmark 1999).

3. EKSTRA FORNAMN

Termen 'ekstra fornamn' vil her bli brukt om offisielt brukte fornamn plasserte etter det første, men som ikkje er etternamn for dei som har namna. Det vil omfatte både eigenlege fornamn, som *Marie* for *Olga Marie*, og namn av etternamntype som dels tilsvarar mellomnamn etter regelverket i dag. I denne framstillinga med hovudvekta på tida før lovfestinga av mellomnamn i 1964, er det

særleg namn av etternamntypen som er sentrale. Termen 'mellomnamn', slik han er definert i personnamnlova, er ei undergruppe. Likevel har 'mellomnamn' i nokon grad blitt brukt om alle typane både før og etter 1923-lova. I avhandlingane til Nedreid (1998) og Sannrud (1993) er 'mellomnamn' brukt om alle ekstra fornamn av etternamntypen mellom første fornamn og etternamn.

'Mellomnamn' vil ikkje bli brukt som fellesterm her, fordi han særleg dekkjer over at det meste av den aktuelle namnebruken er fornamnbruk med ein annan funksjon enn mellomnamn i dag.

3.1. Tidleg bruk utanlands

Bruk av doble fornamn av to eigenlege fornamn finst i Italia frå 1200-talet, og breidde seg i overklassa i fleire land frå 1600-talet, og frå 1700-talet finst òg mange tilfelle av meir enn to namn. Skikken breidde seg til fleire lag av folka utover 1800-talet. (Wilson 1998:215-21.)

Tidleg bruk av etternamn som ekstra fornamn finst bl.a. i den danske adelen på 1600-talet, då doble fornamn òg var korne i bruk. Tidlegare ser ekstra namn ut til å ha vore lite i bruk, både som fornamn- eller etternamntype i Danmark. Eksempel frå dansk adel på 1600- og 1700-talet viser at etternamn som ekstranamn først ser ut til å ha vore moras etternamn. Desse har derest blitt brukte til oppkalling i slekta. Denne namnebruken har likskap med dagens mellomnamn i Noreg, med det unntaket at namna då sjeldan blei gjevne til meir enn eitt eller to barn i kvar søskenflokk, og at namna ikkje alltid blei brukte i kvart slektsledd. Andre søsken kunne få eigenlege fornamn som ekstranamn, på den måten at dei fekk doble fornamn slik mange har i dag. Vi ser òg kimen til idoloppkalling, dvs. oppkalling utanfor slekta etter kjende personar.

Eksempel finn vi i Kaas-slekta, der moras etternamn *Banner* blei gjeve til tredje sonen *Christian Banner Kaas*, fødd i 1693. I eit anna tilfelle blei morsettemannet *Grubbe* ført vidare til eldste sonen, *Jørgen Grubbe Kaas*, fødd rundt 1650. *Grubbe* fanst derest som ekstranamn for to sønesøner av Jørgen G. K., i to ulike søskenflokkar, fødde i 1714 og 1716. (*Danmarks Adels Aarbog* 1917:234-38.) Liknande eksempel finst bl.a. for etternamnet *Rammel* i *Sehested*-slekta, der ein òg kan følgje namnet vidare som idolnamn utanfor slekta (*Danmarks Adels Aarbog* 1911:455-57; Finne-Grønn 1919:107).

I Danmark nådde skikken med etternamn som ekstra fornamn ut til dei breite laga av folket frå midten av 1800-talet, der namna bl.a. spreidde seg utanfor slekta. Etter første verdskrigen tok tendensen med oppkalling etter danske førebilete av, i staden fekk dei tilsvarande engelskspråklege. Skikken fanst fram til den nye danske namnelova i 1961 forbaud dette (Kisbye 1979:82).

I engelskspråklege land, som Dei britiske øyane og i USA, ser bruken av ekstra namn av etternamntype først å ha kome i bruk ut på 1800-talet, og særleg

på 1900-talet (Hanks og Hodges 1996:XXII), og er truleg eldre, då etternamn som første fornamn allereie hadde funnest i fleire hundre år (jf. pkt. 2.1).

3.2. Hovudtypane

Den danske skikken kom til Noreg på 1700-talet, ikkje minst ved nære familieband.

I hovudsak kan vi rekne med ti typar andre fornamn i Noreg i tidå fram til 1923-lova:

- 1 Eigenlege fornamn. Desse kan òg vere vidareføringar etter oppkallingsmønster for namn med etternamnopphev nedanfor.
- 2 Oppvekstnamnet («pikenavnet») til mora.
- 3 Eit etternamn (a) ein eller (b) to generasjonar tilbake. Det er i praksis som mellomnamn etter etternamn (slektsnamn) no.
- 4 Etternamn frå fadderar eller andre vener av familien, dels kalla fadderarnamn, og dels idolnamn.
- 5 Etternamn frå kjende personar i landet, ofte kalla idolnamn. Det kan òg vere oppkalling etter andre fornamn av etternamntype hos desse.
- 6 Etternamn frå utdøyde slekter i landet, ofte med vidkjende namneberarar. Elles som pkt. 5.
- 7 Etternamn frå kjende personar i utlandet. Elles som pkt. 5.
- 8 Nedarva ekstra fornamn av etternamntype. Det tilsvarar vidareføring av mellomnamn frå ein generasjon til den neste i dag.
- 9 Nylaga ekstra fornamn av etternamntype. F.eks. namn som ser ut som stadnamn utan å ha vore brukt som etternamn eller som stadnamn.
- 10 Fars fornamn med ending, f.eks. *-datter*, *-sen* eller *-son*.

3.3. Uklare grenser mellom typane

Det er ofte uklare grenser mellom desse namnekategoriare, særleg ved at folk ikkje veit om det er fornamn- eller etternamnopphev. Det er ofte òg ukjent om namnet har noka konkret inspirasjonskjelde.

Foreldre og tidlegare generasjonar fortalde ofte ikkje kvar namna kom frå. Dei hadde kanskje ikkje visst det heller. Det blei sikkert ofte ikkje oppfatta som viktig. Dessutan var det ofte uvanlege namn i lokalmiljøet.

Eit eksempel som viser det uklare opphavet til ekstranamnet, er ekstranamnet til *Alf Imrik Sjuersen*, fødd i Bergen i 1902, og son til *Sjur Sjuersen*. Han fekk løyve til *Imrik* som etternamn i staden for *Sjuersen* rundt 1939-40 (ifølgje familien). Eksemplet viser at eit særprega ekstranamn fekk opphøgd status som etternamn. Etterkommarane no har ikkje fått noka forklaring på kvar namnet kjem frå. Kan hende *Sjur* ikkje har fortalt eller kan hende heller ikkje tenkt så nøye på det. I alle fall er dette sannsynleg ei dialektform av *Ingebrigt*, kan hende

inspirert av naboen med etternamnet *Ingebrigtsen* (eller slekta hans) i oppgangen i der *Alf Imrik* blei fødd. Sanninga får vi nok aldri vete, men det kunne gå for seg slik.

3.4. Bruksmåtar

Skikken med etternamn som ekstra fornamn kom til Noreg om lag samtidig med bruken av eigenlege fornamn nummer to. Det begynte i høgare sosiale lag på 1600–1700-talet, og ser ut til å ha vore ei vidareføring og utviding av den nemnde skikken som fanst i dansk adel (Bræck 1981:107–08, og forskjellige slektsregister).

Denne skikken er undersøkt for Hadsel i Nordland, der han begynte blant innflytta handelsborgarar på slutten av 1600-talet, og fekk først utbreiing i høgare sosiale lag. Men dei delte skikken med folk flest utover 1800-talet, og det var blitt ein lågstatuskikk i perioden 1870–1925. 4,2 % av dei døypte fekk etternamn som andre fornamn i åra 1693–1775. Det var knapt 6/10 av alle med doble fornamn. Størst var omfanget av slike etternamn i perioden 1870–75, då 18 % av alle døypte fekk etternamn som andre fornamn. Det var knapt 1/4 av alle doble fornamn, og i mange tilfelle oppkalling av lokale prestar og andre med høg status, og sannsynleg i liten grad etter fornamn. Utreiinga av to fornamn var om lag like vanleg for begge kjøna. Det var mest gutane som fekk etternamn som det andre fornamet, mens jentene helst fekk for det meste eigenlege fornamn (Bræck 1981:107–12).

Same tendensane går igjen i andre område av landet, men med nokre avvik og oftast i mindre omfang.

I 1801 er ekstranamna på Sør- og Vestlandet i hovudsaka oppkallingsnamn frå eiga slekt, helst frå moras etternamn. Det finst bl.a. unntak der to menn hadde *Rosenkrans* etter idoloppkalling (Nedreid 1998:256, 267). I 1801- og 1865-folketeljingane for Fredrikstad er det 18 og 47 ekstranamn av etternamntype utan om dei som var sen-namn. Blant desse som ikkje er sen-namn, finst både moras etternamn og andre etternamn. Sannrud, som har undersøkt dette, reknar med at dei siste gjeld «slektskap eller vennskap» (Sannrud 1993:138–39, 260–61). Desse forskjellane mellom undersøkjingane i sør og for Hadsel i nord kan truleg forklarast med forskjell mellom kva sosiale lag namna blei brukte mest innanfor på dei ulike stadene.

Desse ekstra fornamna kunne òg vere sen-namn. I Fredrikstad var fleirtalet av 18 sen-namn som ekstra fornamn i 1801 og 40 i 1865 sannsynleg primærpatronym. Dei var ikkje brukte i dei høgaste sosiale laga, og var helst kombinerte med lokale stadnamn eller andre sen-namn som etternamn (Sannrud 1993:137–38).

Unntaksvis hadde søsken same ekstranamet (Sannrud 1993:139, 261). Eit eksempel på ein søskenflokk med ulike ekstranamn av etternamntypen, er barna

til ekteparet *Christian Joachim Mohn* og *Elisabeth Rieber* i Bergen, som gifta seg i 1830. Blant dei 13 barna finn vi desse andrenamna av etternamntype: *Billingrath*, *Paasche*, *Hüpeden*, *Görbitz* og *Voss*. *Görbitz* var slektsnamnet til *Christian Joachims* mor. Elles ser det ut til å vere namn frå fjernare slekt eller frå andre utanfor slekta (Mohn 1928:267–80). Oftast var utvalet i søskenflokkane mindre enn dette.

Det kan sjå ut til at etternamn og eigenlege fornamn kunne fungere like godt som ekstra fornamn. I Fredrikstad blei f.eks. søskena *Daniel Gedde Fischer* og *Hans Christopher Fischer* på kvar sin måte kalla opp etter kommandanten i byen, *Hans Christopher Gedde* på slutten av på 1700-talet (Sannrud 1993:139; Folketeljinga 1801).

Blant barna til ekteparet *Mohn* og *Rieber* ovanfor hadde alle 13 barna ekstra fornamn. Dei var fordelte på 5 med etternamntype, dels kombinert med eigenlege fornamn, og 8 med berre eigenlege fornamn. Eldste sonen hadde berre eigenlege fornamn og var kalla opp etter faren, elles hadde sønene etternamn. Berre ei av dei 8 jentene hadde etternamn som ekstra fornamn. Slik kjønnsbestemt veksling viser òg Bræck (1981:110).

Det hende at folk tok i bruk ekstranamn frå vidkjende personar innan- eller utanlands. *Erik Grant Lea*, skipsreiar i Bergen i første halvdel av 1900-talet, fekk ekstranamet sitt etter farens troppssjef i Amerika, som var son til president *Ulysses S. Grant* (Tveit 1972:10).

Folk kunne òg ta med seg første fornamet. Bræck nemner fleire slike i Hadsel, der bl.a. alle namna til soknepresten *Jens Bloch* blei fornamn ved dåp i 1690-åra (1981:107–08). I folketeljinga for 1900 finn vi *Johan Sverdrup* som første og andre fornamn fleire stader i landet blant fødte i 1870- og 1880-åra, utan at foreldra heitte *Sverdrup*. Arne og Hulda Garborg kalla sonen sin *Arne Olaus Fjørtoft Garborg*, etter *Olaus Fjørtoft* (Garborg 1890:193–95, i «Tredie Breve»; oppført som *Arne Olaves Fjørtoft Garborg* i 1900-folketeljinga).

Vidareføring av ekstranamn kunne skje etter bestemte reglar i kvar slekt, anten til første sonen, andre sonen, første sonen i annakvart ledd, eller anna. Det hende at ekstranamna blei brukte saman med bestemte eigenlege fornamn. Gjenbruken av namnerekka *Johan Nordahl Brun* i same slekta er eksempel på slikt tradisjon (jf. neste avsnittet). Andre eksempel er *Jens Paludan (Heyerdahl)* og *Wilhelm Frimann Koren (Christie)* som blei brukte av fleire i kvar sine slekter.

I andre halvdel av 1800-talet og fram til 1923-lova finst det eksempel på at kjente personars eller slektningars etternamn blei tekne i bruk som ekstra fornamn og brukte som fornamn til dagleg, som t.d. for *Nordahl Rolfsen*, med det fulle namnet *Johan Nordahl Brun Rolfsen*, og *Nordahl Grieg*, som fullt ut heitte *Johan Nordahl Brun Grieg*. Tilsvarande var det òg for dei to amerikanske presidentane *Stephen Grover Cleveland* og *Thomas Woodrow Wilson*. Dei

brukte dei opphavlege ekstraranna med etternamnsopphav som fornamn i praksis, og namna blei etter det utbreidde som første fornamn. (Hanks og Hodges 1996:XXIV-XXV.)

På 1700-, 1800- og tidleg på 1900-talet kom òg etternamn i ekstrarann-posisjonen i ein del tilfelle til å verte første delen av doble etternamn. Slik var det bl.a. i familien til Mohn og Rieber ovanfor. Eldstemann, som òg heitte *Christian Joachim* etter faren, fekk løyve til dobbeltmannet *Rieber-Mohn* i 1857 (Mohn 1928:280, 283-84, «Slekstavle I»). Doble etternamn blei òg danna på andre måtar enn dette (jf. bl.a. NOU 2001:1, pkt. 4.3).

Statistikk frå nyare folkerestropplysningar viser at det er vanlegare med mellomnamn for menn enn for kvinner fødde før 1923, bl.a. 4,3 % mot 2,6 % i 1910. Desse mellomnamna tilsvarar ekstra fornamn av etternamntype. Dette stadfester tendensen i fleire av undersøkingane som er nemnde ovanfor, der kjønnskilnaden gjerne er større. Frå og med 1923 har kvinnene teke leinga, på den måten at bruken for menn sokk, mens bruken for kvinner auka. Ekstra fornamn frå tida fram til 1923 som i nyare register har blitt til mellomnamn, er etternamn henta både frå familien og andre. Desse tala kan sannsynleg vise at ekstra fornamn av etternamntype var mest eit mannleg fenomen fram til då 1923-lova avgrensa denne bruken.

(Talopplysningar frå Statistisk sentralbyrå ved Jørgen Ouren, på grunnlag av folkerestreringsopplysningar for levande i landet frå 1960 til og med 1999. Jf. pkt. 3.5 om overføring til mellomnamn etter 1964.)

3.5. Lover og retningslinjer

I 1923-lova skil ein berre mellom for- og «slektsnavn». Med 1964-lova kom mellomnamn inn, sjølv om uttrykksmåten og omgrepet hadde eksistert i praksis tidlegare. Etter 1923-lova kan ein bruke tre slag namn av etternamntypen som ekstra fornamn. Det er mors etternamn før ekteskap (type 2 (a) ovanfor; Lundh 1924:26), fars fornamn med ending, f.eks. *-sen* og *-datter* (type 10; Lundh 1924:17 og 26) og etternamn som ikkje var i bruk her i landet då namnet blei gjeve til barn, dvs. utdøydd, utanlandske og nylaga (typene 6, 7 og 8; Lundh 1924:83 og 95). Dessutan må ein ha eit ekstra eigenleg fornamn (Lundh 1924:95), som skal plasserast først.

Etternamn som elles fanst i slekta eller blant levande personar i landet, var forbodne.

Ekstrarann av etternamntype blei berre unntaksvis godkjende som einaste fornamn. Departementet godkjende bl.a. *Sandrup* i 1923 og *Kjerløw* i 1931 (Klokkerud 1985:133-34; jf. drøfting hos Arholm 1959:136).

Ifølgje JD 1960:1 kan etternamnlige fornamn ikkje vere første namn, og heller ikkje stå aleine.

Når det i 1964-lova kom inn at ein ikkje kan velje fornamn som «har vore i bruk til etternamn og ikkje opphavleg er eit førenamn», gjaldt det både eigenlege og ekstra fornamn. Lovendringa innebar at utdøydd etternamn blei forbodne i tillegg til levande, men det var høve til å ta slike namn på grunnlag av «avstamning» eller «særskilt tilknytning» til namnet. Nylaga namn av «slektsnamnkarakter» kunne framleis godkjennast saman med eit «virkelig fornamn». Utanlandske etternamn blei ikkje drøfta (Utkast 1960:37, 47; Ot. prp. nr. 24 (1962-63):57, 66).

Av JD-rundskriv 1964:7 går det fram at etternamnlige fornamn formelt er eigenlege fornamn ved nye namneval, og at slike må nektast når det «dreier seg om kjente utanlandske slektsnavn», fordi dei «ofte måtte antas å bli til ulempe for bæreren». Utanlandske etternamn er altså ikkje heilt forbodne.

Utanlandske etternamn, dels òg andre, er i stor grad førte vidare i 1970-lista, blant namn utan fornamnopphev som ein kunne godta (eks. under pkt. 3.6). Det går fram at desse namna frå lista kan brukast «etter et egentlig fornamn» (JD 1970:1-2).

Bruken av etternamn som ekstra fornamn blei oppheva med JD 1980:16. Det vert vist til at slike namn som er godkjende i 1970-lista

gjeld namn som ikkje er opphavlege førenamn og som heller ikkje er i bruk som slektsnamn. Det er i hovudsak namn av slektsnamnskarakter, og slike namn ville det ikkje vere kulant å få løyve til.

Dei fleste ekstra fornamna av etternamntype som folk hadde fått før 1964-lova blei til mellomnamn frå 1964, same korleis dei hadde fått namna (JD-rundskriv 1964:6). Desse namna blei gradvis omregistrerte til mellomnamn etter individuell vurdering. Føringa i det sentrale folkeresteret vart slutført 1.1.1995.

Oppsummerande kan vi seie at med 1964-lova kunne ein få hente inn som mellomnamn fleire av dei namna som hadde vore etternamn i tidlegare slektsledd enn tilfellet hadde vore med 1923-lova (jf. type 2 (b) i pkt. 3.2). Derimot blei det etter nokre år ikkje mogeleg å ta andre namn av etternamntype verken som andre fornamn eller som mellomnamn.

3.6. Godkjenningspraksis før 1970

Det synest klart at departementet i hovudsak har godkjent etternamn som ekstra fornamn under 1923-lova når dei ikkje har kunna slå fast at dei var i bruk i landet.

Det kom lister i 1950, 1960 og 1970 over namnevedtak, med både godteknede og avviste namn. Listene var oppdaterte i høve til kvarandre, slik at eldre vedtak var med i dei seinare listene. I listene fanst det oversyn over godkjende ekstra

fornamn som ikkje hadde fornamnopphev. 1950-lista inneheld 97 godkjende ekstra fornamn utan fornamnopphev blant knapt 1100 avgjerder som omfattar både godkjende og avviste fornamn av alle slag. I 1960-lista er det 163 av knapt 2500 avgjerder, og 174 av vel 3200 i 1970. Blant dei godkjende finst mange utanlandske etternamn, nokre utdøyddde etternamn og andre namn med norsk eller utanlandsk klang som vi ikkje så lett kan bestemme opphavet til. Listene oppgir ikkje opphav til namna. Blant dei avviste ekstranamna finst det mange med etternamnopphev, truleg etternamn i bruk (JD 1950, JD 1960, JD 1970).

Namnesaker og annan dokumentasjon hos privatpersonar har vist at det er eit ukjent tal med utanlandske etternamn som har blitt godkjende, eller i det minste brukte, utan at dei står i listene (Klokkerud 1987:170, og anna materiale frå namnesaker).

I hovudsak kan vi lese listene slik at det er gjeve generell godkjenning. Eventuelle atterhald er markerte for enkeltmann. *Ingeman(n)* kunne brukast med familietilknytning ifølgje 1960- og 1970-listene. Nokre andre «frarådes» i enkelte av listene.

I 1960- og 1970-listene finst bl.a. desse godkjende ikkje-nordiske ekstranamna: *Beckett, Duntzfeldt, Forest, Grant, Tørner og Weston, Cruys, de Ferry, Flynn, Godman, Harward, Leeroy, Leroy, Mort(h)on, Sutherland og Wilford*.

Desse utan finst bl.a. desse godkjende nordiske ekstranamna i listene: *Bjerg, Kastrup, Kondrup, Paludan, Østrup, Wangel og Taube*.

Listene inneheld namn som sannsynlegvis har vore i bruk som etternamn då dei blei godkjende som etternamn. Slike eksempel er *Rømer* og *Blankenborg* (stadnamn etter tysk *Blankenburg*) som står som godkjende i 1950-lista, og *Trolle* som er ført som godkjent i 1950- og 1960-listene. I ettertid er det berre folkeregisterkort frå samtida som kan dokumentere dette. Men data med fødselsår tekne or folkeregisteret i 1982 kan gjere det sannsynleg at desse namna var i bruk som etternamn før 1950 (Mikrokort 1984). Justisdepartementet var merksam på at dette kunne skje, fordi det ikkje hadde fullt oversyn (JD 1960:1 og JD 1970:2).

Eksempel på godkjende etternamn som var utdøyddde, men tidlegare brukte i Noreg, er *Brostrup, Suhm* og *Benkestok*. *Brostrup* var med i folketeljinga for 1900 (Folketeljinga 1900), mens *Suhm* sist var med i 1801 (Folketeljinga 1801). *Benkestok* er eit utdøydd norsk adelsnamn.

Nokre ekstra fornamn kan sjå ut som etternamn, men har truleg ikkje vore det. Nokre er sannsynleg tekne frå stadnamn. Det gjeld bl.a. *Skaimsgard* og *Slitu*, som begge finst i dei tre listene.

Espolin har berre vore brukt som ekstra fornamn, og etter 1964-lova som mellomnamn (Gulbrand Alhaug, munnleg). Det står blant godkjende ekstranamn i

1960- og 1970-listene. Det var ein kjend islending på 1800-talet, *Jón Espólin* (1769–1836), som hadde namnet etter ei latinisert form av namnet på fødestaden sin, *Espihóll*, (*Salmonsens Konversationsleksikon* VII.476–477, Daa:1876:470, Jónsson 1911:534). Den første kjende namneberaren i Noreg er presten *Jakob Espolin Johnson*, fødd i Kristiansand i 1824 (Folketeljinga 1865 og Folketeljinga 1900). Namnet har oftast vorte knytt til etternamnet Johnson for begge kjønna (Telenor online).

Såkalla 'fantasinamn', dvs. nylaga namn, kan i nokre tilfelle ha form som eit etternamn, utan at listene viser kva namn dette gjeld.

Nokre nedarva ekstranamn i same slekta kan ha blitt ført vidare under 1923-lova, då dei ikkje var i bruk som etternamn i Noreg i denne perioden, bl.a. *Jens Paludan* (Arnholm 1959:135, JD 1950, JD 1960, JD 1970). Men vi kan ikkje sjå bort frå at saksbehandlarane har tolka lova liberalt.

3.7. Godkjenningspraksis for ekstra fornamn av etternamntype etter 1970

Det finst lister over namnevedtak i Justisdepartementet etter 1970. Det går fram av listene at namn er avviste fordi dei er slektsnamn, bl.a. *Troy* i JD 1996 (jf. pkt. 2.5). 1996-lista inneheld òg nokre avviste «slektsnavn» frå innvandrarkulturar som ofte brukar fornamn som etternamn (jf. pkt. 4.2).

Når folk ønskjer å bruke ekstra fornamn frå eldre slektledd vidare i slekta no, får dei ofte problem. Dels blir desse namna avviste som fornamn, av di dei kjem i konflikt med eksisterande etternamn. Og dels får dei ikkje føre namna vidare som mellomnamn, då namna ikkje er registrerte som mellomnamn hos foreldra eller som slektsnamn hos nære nok forfedrar eller -mødrer. Grunnen til at foreldra manglar namna, er stundom at 1923-lova stengde for vidareføring av ekstra fornamn frå ein generasjon til den neste.

Eit døme kan vise dette. I eit tilfelle er *Turner* ekstra fornamn i ein tidlegare generasjon, gjeve før 1923-lova. Namnet er sannsynleg gjeve etter inspirasjon frå eit utanlandsk etternamn. Det blei avvist av Justisdepartementet i 1977. *Turner* kunne ikkje veljast som fornamn, då det «er opprinnelig slektsnavn». Og det kunne heller ikkje veljast som mellomnamn, av di namneberane «ikke anses å ha tilstrekkelig tilknytning til navnet» (JD 30.9.1977, jnr. 2056/77 N DB/av, JD 21.12.1977, jnr. 2637/77 (to brev)). Men *Tørner*, med ø, er blant tidlegare godkjende ekstranamn som ikkje har fornamnopphev (jf. eksempla i pkt. 3.6).

Når slike ekstra fornamn av etternamntype har blitt ståande som fornamn i folkeregisteret, truleg helst fordi opphavet har vore ukjent for dei som registrerte, kan namna lett verte førte vidare som fornamn. Dersom namna har utbreidd fornamntradisjon i andre land, f.eks. i USA, vil dei òg kunne godkjennast som fornamn (jf. pkt. 2).

4. FORNAMN SOM ÒG BLIR ETTERNAMN

Mange av innvandrarane har skikkar med bruk av fornamn som etternamn. Når fornamn blir brukte som etternamn, vil ein få fornamn som er like etternamn. Slike tradisjonar har òg funnest i Europa og Noreg.

4.1. Tradisjon i Europa og Noreg

I Noreg er det liten tradisjon for bruk av fornamn som etternamn i skriftlege dokument. Men vi kjenner slik tradisjon i tilnamnbruk som *Lars-Anna* og *Lars-Ola*, der *Lars* helst var faren. Eller *Lars* var kan hende mannen til *Anna*. Dei kan òg ha budd på ein plass dei kalla *Larsane* som fekk namnet fordi *Lars* var eit vanleg namn i slekta eller det var namnet på ein tidlegare brukar på plassen. Slike munnlege tradisjonar har i svært liten grad blitt overførte til skrift. Barn og barnebarn til f.eks. ein slik *Lars* kunne få sen-namnet *Larsen* etter 1923-lova, og slik føre namnet vidare som slektsnamn.

Samane har ein liknande, munnleg tradisjon framleis. Dessutan har mange av dei offisielle samiske etternamna slikt opphav, f.eks. *Magga* som svarar til *Margaret*. Etternamnet *Guttorm* er danna av det norske fornamnet og vert offisielt oppført med norsk skrivemåte, men har den samiske forma *Guhthur* (Veka 2000:158, 276).

Innanfor det tyske språkområdet finst mange eldre fornamn òg som etternamn. Det er etterkommarar som har teke i bruk fornamnet til faren eller ein av fedrane som etternamn, dvs. som patronym (Gottschald 1982:47-48, Kunze 1998:73-74). Tyske eksempel i Noreg er *Otto* og *Hugo*. Slike etternamn finst òg elles i Europa, men i lite omfang (Hanks og Hodges 1999:XVIII).

Etternamnet *Sverre* ser ut til å ha blitt til i Noreg og Sverige på same måten som namna ovanfor (Veka 2000:416). Slik er det sannsynleg òg med *Imrik* som er nemnd under pkt. 3.3. Tilsvarende fekk *Eilif Armand Andreassen* i Bergen tidleg på 1900-talet det andre fornamnet godkjent som etternamn i staden for *Andreassen*. *Anker* kan ha dansk opphav i eit fornamn, men kan òg vere teke frå etternamnet.

Namn som dette, som er opphavlege fornamn, vil bli godtekte som fornamn. Gutenamnet *Wessel* er eit gammalt tysk og nederlandsk fornamn og opphavleg kjæleform av *Werner*. På dette grunnlaget blei *Wessel* godkjent som fornamn for gut i 1998 (JD 5.6.1998, sak 98/5717).

4.2. Innvandrarane

4.2.1. Same namneformer som for- og etternamn

I store delar av verda er det vanleg at folk får farens fornamn som tilnamn. Desse skikkane gjeld i stor grad muslimsk og tamilsk menneskikk. Dei finst òg nokre stader i Afrika utanom det muslimskkulturelle området. (Utne 2000b har meir

om desse fornamnskikkane. Litteraturreferansar finst i NOU 2001:1.) Vi skal sjå konkret på koplinga mellom for- og etternamn.

Det meste av den muslimske kulturen har tradisjon med bruk av fornamn som etternamn. Dels er desse namna arvelege etternamn, som i Egypt og Marokko. Stundom er dei levande patronymi, men ofte slik at dei er fleire etternamn, f.eks. fars og farfars fornamn. Dei er òg ofte andre namn, som kallenamn, yrkestiltar, stadnamn og namn etter store personlegdomar, alle desse ofte med eit prefiks (ord eller ledd) eller bestemt artikkel (*al, el* o.a.) framfor, eller eit suffiks etter, f.eks. *-i* som for *Khomeini* frå staden *Khomein*. (Ei meir detaljert gjennomgåing av etternamnskikkane i muslimske kulturar finst i Utne 2000a:32-33.) I Tyrkia har ein etter innføringa av faste etternamn i 1934 i hovudsak teke i bruk nylaga tyrkiskspråklege etternamn, men i stor grad halde på muslimske fornamn (Spencer 1961).

Blant mannlige muslimske fornamn som òg vil vere etternamn, finst *Mohammad, Hassan, Husayn, Ali, Ahmed, Abdullah, Rashid, Aktar, Sulayman, Ibrahim, Ismail* og *Musa*.

Tamilane på Sri Lanka brukar farens fornamn som etternamn, og dessutan brukar konene mannens fornamn som etternamn. Det inneber at mannlige fornamn vil ein òg finne som etternamn.

Namna hos tamilane er oftast henta frå hinduiske gudenamn og andre religiøse uttrykksmåtar. Gudenamn er bl.a. *Chandran, Krishna, Rama, Siva, Selva, Anandan* og *Nathan*. Religiøse uttrykksmåtar er f.eks. *Dasa* som tyder 'tilhengar' eller 'tenar', og *Raja* som tyder 'konge'. Det er vanleg med samansette namn, f.eks. *Ramadas, Selvarajan, Anandanathan* og *Sivachandran*. Men det kan òg bli laga heilt nye namn, og misjonen har teke med seg namn med kristent og anna europeisk opphav, som *John, Andrews, Maria* o.a.

I mange afrikanske kulturar sør for dei muslimske kan ein bruke farens fornamn som etternamn. Men det har truleg vore nokså vanleg at eitt av fleire fornamn har blitt til etternamn ved innføring i register der det har vore krav om etternamn. Det kan vere i heimlandet, f.eks. i skolar og på universitet, ved utskrivning av pass, eller ved innvandring til andre land. Desse etternamna har gjerne vorte førte vidare for nye generasjonar i notida. Kofi Annans etternamn *Annan* er eit opphavleg fornamn, som betyr 'den fjerde i søskenflokk' hos akanane i Ghana.

4.2.2. Innvandrarann og norsk namnelov

Bruken av fornamn som etternamn i innvandrarane kjem ofte i konflikt med norsk namnerett. (Etternamn for innvandrarar etter norske reglar er omtalt i Utne 1999:37-39 og i NOU 2001:1.)

Det har blitt avslag til dei som ønskjer slike fornamn for nyfødde, fordi namna

finst som etternamn. Frå rundt 1991 har departementet godkjent slike namn som fornamn dersom ein kan dokumentere at namnet er i bruk i det landet som ein eller begge foreldra kjem frå (JD 1991:43 og JD 1999, pkt. 3.2.).

I det sentrale folkeregisteret har praksisen for innføring av innvandrarnamn vore at siste namnet i ei lengre namnerekkje vert ført som etternamn. Resten blir ført som fornamn. Formålet er å kunne ha ein enkel praksis (Sentralkontoret for folkerestringering, munnleg, 2000).

Namn som vert ført som fornamn kan vere fars og farfars fornamn og andre arvelege namn i familien, i dei tilfella dei ikkje står sist. Dette inneber at det kan vere registrert namn som fornamn som det vil vere rettaast å rekne som mellom- eller etternamn. Ofte får myndighetene søknader om å endre status for slike namn. Det let seg ofte løyse i praksis.

5. TILFELDIG LIKE FOR- OG ETTERNAMN

Med aukande innvandring og påverknad frå fleire språkkulturar stig sjansane for at det vil finnast like for- og etternamn, sjølv om dei har ulike opphav.

Vi kan vise korleis slike saker blir løyste i praksis med å referere nokre saker frå slutten av 1990-åra. I desse sakene har departementet søkt råd i fleire namneforskmiljø. Foreldra har òg teke initiativ til utgreiingar.

Nokre fornamn og etternamn har tilfeldig samanfall fordi talemålsutviklinga eller annan uttrykkslikskap har ført til like resultat:

Selle er ein norsk variant av *Cecilie*, godkjent av fylkesmannen i Troms i 1998. *Jæger* er godkjent som fornamn for gut, av di ein kan sjå ei dialektutvikling frå *Jogeir* til *Jiggjer* og *Jæger* (JD 13.11.1998, sak 98-11349). *Henne* blei godkjent som kvinnenamn av JD i 1999, fordi fornamnet kan vere danna av *Johanne*, *Henriette*, *Henrikke* eller *Henninga* (JD 3.11.1999, sak 99/13558, jf. Helleland 1999:10-11).

Jentenamnet *Saga* er eit vanleg svensk jentenamn og blei godkjent bl.a. av fylkesmannen i Hordaland i 1999. *Nor* er tidlegare teke i bruk som gutenamn. Den 23.2.2000, sak 99/18978, godkjente JD det òg som jentenamn, av di namnet «har sitt opphav som fornavn for jente fra flere arabisk-muslimske land».

Det finst for- og etternamn med likt språkleg opphav utan at dei har blitt til i same miljø. Eit slikt er gutenamnet *Storm* som JD godkjente i 1997, fordi det har fleire hundre år gammal tradisjon som fornamn i Noreg (JD 14.10.1997, sak 97/7801; jf. Utne 1997:20-23). Gutenamnet *Frimann* med tradisjon som fornamn på Island og i Tyskland blei godkjent i 1999 (JD 1.3.1999, sak 98/13738). Avleiingar kan òg ha ført til fornamn som er like etternamn:

Thorin blei godkjent av fylkesmannen i Hedmark i 1999 med grunnlag i norsk brukstradisjon tilbake til rundt 1880. Namnet er truleg danna av *Thorine*. *Selmer*

blei godkjent som gutenamn av JD i 2000, då det kan vere avleidd av kvinnenamnet *Selma*.

Minken blei ikkje godkjent som jentenamn skrivne med k. Derimot godkjente fylkesmannen i Oslo og Akershus skrivemåten *Minchen* (uttalt med kj-lyd) i 1996, av di det har skrivemåte og uttale som er ulik etternamnet *Minken*. Språkleg kan fornamnet vere utvikla frå *Wilhelmine*, kortforma *Mina/e* og diminutivforma *Minken*, men fylkesmannen la ikkje vekt på dette. (Birthe «Minken» Fosheim har dette berre som kjælenamn. Jf. *Se og Hør* 1995:21.)

I eit par tilfelle har det vore samanfall mellom etternamn laga av norske stadenamn og nydanning av fornamn av kjente fornamnledd:

Gutenamnet *Vinjar* kan vere laga av namnelementa *vin* og *jar*, eller det kan vere ei førsteleddsoppkalling etter *Vinsjans*, ei dialektform av *Vincent's*. *Vinjar* blei godkjent som fornamn for gut i 1995 (JD 30.11.1995, sak 94/216) (jf. Kruken 1994:15-17 og Stemshaug 1995:71-79). *Hjørund* blei godkjent av JD som fornamn for gut i 1998, fordi «det [er] tradisjon i Norge for å danne nye fornamn på grunnlag av kjente navneledd, f eks Hjørvard» (JD 26.3.1998, sak 98/0862).

Det er òg eit spørsmål om kor likt eit fornamn kan vere eit etternamn for å bli godkjent.

Gutenamnet *Gesher* blei avslått i dei første rundane (fylkesmannen i Oslo og Akershus og JD i 1994) pga. likskap med etternamnet *Geser*. JD har skrivne om *Gesher*-saka «at det i dag ikkje vil vere noen problemer å velge *Gesher* som fornamn», dersom ny søknad vert sendt folkeregisteret (JD 19.4.1999, sak 98/15581).

Ei slik vurdering var òg aktuell for den nemnde godkjenninga av *Minchen* i staden for *Minken*.

6. OPPSUMMERING OG UTVIKLINGA VIDARE

Med personnamnlova i 1923 ville ein få slutt på bruken av etternamn som fornamn. Dette klarte ein i hovudsak raskt for første fornamn. Bruken av etternamn som ekstra fornamn blei noko avgrensa, slik at ein ikkje fekk ta etternamn som var i bruk i Noreg i samtida. I 1964-lova blei bruken av slike ekstra namn av etternamntype styrt av reglane for mellomnamn. Berre namn med slektstilknytning fekk godkjenning.

Men tilisig av utanlandske namn har ført til nye for- og etternamn som tilfeldigvis er like. Dessutan har vi fått kontakt med namneskikkar der same namna vert brukte som for- og etternamn, helst slik at farens fornamn vert etternamn for barn. Vi får òg inn namn frå bl.a. USA der etternamn i mange tilfelle har blitt teke i bruk og vorte populære som fornamn.

Hovudregelen no er at fornamn som er like etternamn, vert godkjente av myn-

digheite dersom ein kan vise til opphav eller fornammtradisjon i Noreg eller i andre land. På denne måten vil òg dei nye namnelåna frå USA føre til at engelske etternamn i nokon grad vil bli godtekte som fornamm her i landet.

Personnamnlova er no mest ei sperre mot fornamm som liknar tradisjonelle norske etternamn, slike som *sen*-namn og dei med opphav i norske stadnamn. Det same gjeld òg ein del utanlandske etternamn, bl.a. med svensk, dansk og tysk opphav.

Kontakten med namnekulturar som ikkje har skarpt skilje mellom for- og etternamn, gjer at forskjellen gradvis blir mindre klar i Noreg òg. I framtida vil det neppe vere lett med ei eiga handsaming for folk med bestemte kulturelle bakgrunn, eller for namn med spesielt språkleg opphav.

Slik det er no, kan norsk saksbehandling krevje at dei einiskilde namna må ha dokumentert opphav eller etablert fornammtradisjon andre stader i verda før ein godkjenner dei her. Det inneber at ein truleg får godkjent dei fleste namna med etternamnopphav blant dei 100 vanlegaste jente- og gutenamna for nyfødde i USA. Eksempel er *Hailey*, *Mackenzie*, *Spencer* og *Taylor* (jf. pkt. 2.3). Sjølv om det på denne måten vil kome nokre nye fornamm med etternamnopphav, vil det i praksis føre vidare prinsippet om skilje mellom for- og etternamn.

Litteraturliste

- Austbø, A. H. 1986: Navneloven med kommentarer. Oslo.
- Bræck, A. 1981: Personnamn i Hadsel i Vesterålen. O. Stemschaug (red.): Norske personnamnstudier, 81–123. Oslo.
- Danmarks Adels Aarbog. København. (Årleg 1884–)
- Dunkling, L. og W. Gosling 1985: The New American Dictionary of Baby Names. New York, London etc.
- Daa, L. K. 1876: Norske Slægtsnavne. Tids-Tavler 4.458–70. Kristiania.
- Eidsivating lagmannsrett 1982 = Eidsivating lagmannsrett, dom 2.2.1982, ankesak nr. 226/81, hl.nr. 292/81.
- Finne-Grønn, S. H. 1919: Slegten Michelet. Genealogisk-personalhistoriske meddelelser. Kristiania.
- Folketeljinga 1801, finst på nettadressa: <http://www.hist.uib.no/arkivverket/>
- Folketeljinga 1865, som for Folketeljinga 1801
- Folketeljinga 1900, som for Folketeljinga 1801.
- Garborg, A. 1890: Kolbotnbrev og andre Skildringar. Bergen.
- Gottschald, M. 1982: Deutsche Namenkunde. Unsere Familiennamen. Berlin – New York.
- Hanks, P. og F. Hodges 1996: Oxford Dictionary of First Names. Oxford – New York.
- Hanks, P. og F. Hodges 1999: A Dictionary of Surnames. Oxford – New York.
- Helleland, B.: Ho kan heita Henne. Nytt om namn 30.10–11.
- JD (+ dato + saksnummer) = Brev frå Justisdepartementet med dato og saksnummer.
- JD 1923 = Justisdepartementets instruks og veiledning av 20. juni 1923. Òg trykt i Lundh 1924:89–97.

JD 1950 = Justisdepartementets svar på spørsmål angående fornavn (navnelovens § 17). («Lista omfatter svar på forespørsler i tiden fra navnelovens ikrafttreden til 1. januar 1950.»)

JD 1960 = Rundskriv fra Justis- og politidepartementet. (Jnr. 1799/60 N.), 15.10.1960.

Justisdepartementets liste over avgjørelser i fornavnssaker fram til 1/10-1960.

JD 1964 = Justisdepartementets rundskriv av 25. november 1964. Personnamn.

JD 1970 = Rundskriv fra Justis- og politidepartementet. (Jnr. 1188/70 N.), 31.8.1970. Valg av fornavn og mellomnavn for barn.

JD 1980 = Rundskriv fra Justis- og politidepartementet. (Jnr. 70/80 A-N), 15.1.1980. Om endringer i lov av 29. mai 1964 nr. 1 om personnamn.

JD 1985 = Rundskriv fra Justis- og politidepartementet. (Jnr. 418/85 N), 20.9.1985. Lov 29. mai 1964 nr. 1 om personnamn.

JD 1991 = Rundskriv fra Justis- og politidepartementet. J.nr. 480/91A-N. Rundskriv G-150/91. 10 desember 1991. Lov 29. mai 1964 nr. 1 om personnamn.

JD 1996 = Liste over avgjørelser i fornavnssaker fram til 1.5.96. Jnr. 96/12589 A-AP BCS/kw 5.11.1996.

JD 1999 = Justis- og politidepartementet. Rundskriv G-88/99, saksnr. 99/06250 A-AG PF, 17.11.1999: Navneloven – nye retningslinjer.

Jónsson, Finn 1911: Bæjanöfn á Íslandi. Safn til sögu Íslands. 4.412–583, 917–937.

Kisbye, T. 1979: «Alfred Dreyfus Nielsen». Identifikasjonsmodeller i dansk navneskik – belyst ved drengnavne i Århus 1800–1950. L. L. Albertsen (red.): Convivium. Årsskrift for humaniora, kunst og forskning, 82–107. København.

Klokkerud, Ø. 1985: Navnet skjønner ingen! Justisdepartementets behandling av fornavnssaker 1923–1950. Bergen. Hovudoppgåve.

Klokkerud, Ø. 1987: Bruk av slektsnavn som første fornavn på bakgrunn av den norske navneloven av 1923 og Justisdepartementets rundskriv (1950, 1960, 1970) vedrørende avgjørelser i fornavnssaker. Tom Schmidt (red.): Nye nordisk personnavnskikk. NORNA-rapporter 35, 167–85. Uppsala.

Kruken, K. 1994: Forbod mot namnet Vinjar. Nytt om namn 20.15–17.

Kruken, K. og O. Stemschaug 1995: Norsk personnamnleksikon. 2. utg. Oslo.

Kunze, K. 1998: dtv-Atlas Namenkunde. Vor- und Familiennamen im deutschen Sprachgebiet. München.

Lagtingsforhandlinger 1923 = Stortingsstidende, indeholdende toogsyttiende ordentlige forhandlinger. Forhandlinger i Lagtinget. Kristiania.

Lundh, H. 1924: Navneloven av 9 februar 1923. Kristiania.

Mikrokort 1984 = Prosjekt for databehandling (PDS), Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

Navnestatistikk på grunnlag av folkerettedata pr. oktober 1982. Bergen. (Utarbeidd av Aron Gurski, Anne-Grete Strøm-Erichsen og Ivar Utne, etter oppdrag frå Justisdepartementet.)

Mohn, J. B. F. 1928: Christian Joachim Mohn. Hans forfædre og efterkommere. Oslo.

Nedreld, G. 1998: «Ender og daa ein Aslaksen eller Bragestad» – Etternamnsikkiken på Sør- og Vestlandet. Studiar i folketeljingsmaterialet frå 1801. 1–2. Kristiansand.

Nerdrum, G. 1971: Navneloven. Lov om personnavn av 29. mai 1964 nr. 1 med kommentarer. Oslo. 1923-lova = Lov om personnavn av 23. februar 1923, med endringar.

1964-lova = Lov 29. mai 1964 nr. 1 om personnamn, med endringar.

NOU 2001:1 = Norges offentlige utredninger 2001:1. Lov om personnavn. Tradisjon, liberalisering og forenkling. Justis- og politidepartementet.

Ot. prp. nr. 12 (1922) = Justis- og Politidepartementet: Ot. prp. nr. 12 (1922). Om utferdigelse av en lov om personnavn.

- Ot. prp. nr. 24 (1962-63) = Justis- og Politidepartementet: Ot. prp. nr. 24 (1962-63), Om lov om personnavn.
- Salmønsens Konversationsleksikon. Anden udgave. 1-26. København 1915-1928.
- Samuelsen, C. 1999: Nye navn i nye tider. Bruken av slektsnavn som fornavn på 1800-talet. Hovedoppgåve. Tromsø.
- Samrud, Astrid Weel 1993: Etternavn i Fredrikstad i det 19. århundre. Hovedoppgåve. Oslo. Se og Hør. Vekeblad. Oslo.
- Social Security Administration: Actuarial Note Number 139. Name Distributions in the Social Security Area. (Nettadresse: <http://www.ssa.gov/OACT/NOTES/note139/note139.html>.)
- Blir oppdatert flere ganger i året. Årslister finst som undersider.)
- Spencer, R. F. 1961: The Social Context of Modern Turkish Names. *Southwestern Journal of Anthropology* 17:205-218.
- Stemshaug, O. 1995: Fornamnet Vinjar – opphav og bruk. NN 12.71-79.
- Telenor online = Telenors telefonkatalog på Internett. (Skiftande nettadresser.)
- Tveit, N. 1972: Fra gull til grønne skoger. Historien om Erik Grant Lea. Oslo.
- Utkast 1960 = Utkast til lov om personnavn. Oslo 1960.
- Utne, I. 1997: Storm som fornavn for gutt. Nytt om navn 26.20-23.
- Utne, I. 1999: Praktisering av personnavnlova. Etternavn og mellomnavn. NN 16.31-40.
- Utne, I. 2000a: Mellom- og etternavn i andre land. Nytt om navn 31.24-33. (Rettingar i Nytt om navn 32.26.)
- Utne, I. 2000b: Tamiliske, muslimske og afrikanske fornavn. Nytt om navn 32.21-26.
- Veka, O. 2000: Norsk etternavnleksikon. Norske etternavn – utbreiing, tyding og opphav. Oslo.
- Walz, G. 1998: Der Vorname des Kindes. Vornamengebung und Vornamensänderung im deutschen Recht. Tübingen.
- Wilson, S. 1998: The Means of Naming. A social and cultural history of personal naming in western Europe. London – Pennsylvania.

namn og nemne

Tidsskrift for
norsk
namnegranskning

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG
REDAKTØRAR: GUNNSTEIN AKSELBERG OG ODDVAR NES
ÅRGANG 18 – 2001
NORSK NAMNELAG, BERGEN